

Fjellnettverket: Stortingsmelding 5 (2019-2020): Levende lokalsamfunn for fremtiden. Distriktsmeldingen.

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar. Vi arbeider for å sette spørsmål for fjellområda på dagsorden og for livskraftige fjellbygder.

På høyringa i februar tok Fjellnettverket opp vår bekymring for utviklinga i fjellområda, med befolkningsnedgang og utviklinga i næringslivet. Koronakrisa har ført med seg store utfordringar for fjellområda og situasjonen er no meir alvorleg.

Fjellnettverket vil trekke fram tre områder som er viktige i den situasjonen me er i no, men som òg vil vere viktige for å sikre busetting i heile landet i framtida.

1. Meir variert næringsliv

Næringslivet i fjellområda er mindre variert og har lågare vekst samanlikna med meir sentrale område. Koronakrisa har vist oss at dette gjer næringslivet ekstra sårbart. Akkurat no står reiselivet ovafor store utfordringar med oppseiingar, permitteringar og ein usikker vintersesong framfor seg. Det får negative ringverknader for andre næringar i fjellområda. I tillegg til omstillingsmidlar og låg moms til reiselivet, trengs det ei målretta politisk satsing for å styrke næringslivet i distrikta for framtida.

- Den differensierte arbeidsgjevaravgifta er eit viktig verkemiddel i distriktpolitikken. Denne ordninga bør vidareførast og styrkast.
- Det bør flyttast fleire statlege arbeidsplassar ut i distrikta.
- Det trengs regionspesifikke distriktpolitiske ordningar, som fjellsatsinga, i tillegg til dei landsdekkande institusjonane.
- Desentraliserte utdanningsmoglegheiter er viktige for å legge til rette for at fleire kan ta høgare utdanning, og for å sikre verksemder, kommunar og andre arbeidsplassar tilgang på kompetent arbeidskraft.
- For å sikre at alle har lik moglegheit til etterutdanning, må eit godt utdanningssystem for vidare- og etterutdanning vera desentralisert og til stades i heile landet.
- Utnytting av naturressursar er viktige bidrag til kompetanseutvikling og reinvestering lokalt og regionalt.
- Skatt frå naturressursbasert verksemd bør i større grad koma lokalsamfunnet til gode.
- Det er ei viktig nasjonal oppgåve å bidra til å skape fleire lønsame grøne arbeidsplassar. Det må arbeidast strategisk med skjerpande miljøkrav, som kan bidra til utvikling av ny kompetanse, teknologi, industri og arbeidsplassar i heile landet.

2. Beredskap lokalt

Fjellnettverket meiner rammeoverføringane til kommunane bør endrast frå innbyggartal til brukartal. I mange av våre kommunar er talet på brukar i langt høgare enn innbyggartalet. Dette vart svært tydeleg i starten på pandemien, der konsekvensen vart innføring av hytteforbod. Fritidsbustader kan brukast for å redusere smittetrykket i dei store byane, men

føresetnaden er ein kommuneøkonomi som tek høgde for talet som brukar tenestene i kommunen. For framtida bør det sikrast at:

- God beredskap bør vere lokalt forankra.
- Ressursane som skal handtere krisene, er spreidde over heile landet.
- Gode offentlege tenester skal vera tilgjengelege i alle delar av landet, både i små og store kommunar.
- Det er ein føresetnad at kommunar og fylkeskommunar blir sikra økonomiske ressursar for å løyse desse oppgåvene i heile landet. Dette gjeld både personell, materiell, kompetanse og myndigheit.

3. Breiband

Det er svært store skilnader mellom sentrale strøk og distrikta når det gjeld tilgang på breiband. Fjellnettverket er uroa over konsekvensane for barn og unge, som under koronakrisa treng digitale møteplassar, har lekser som skal leverast på nett og digital undervisning.

Innanfor næringslivet er behovet for tilgang på breiband stort. Restriksjonar med heimekontor fører til utfordringar for både offentleg og privat sektor. I framtida er det viktig at det i distrikta er mogeleg å skape sin egen arbeidsplass, jobbe fleksibelt, drive nyskaping og innovasjon. Fjellnettverket meiner at:

- Auka statleg støtte for å nå 100 % breiband-dekning over heile landet er nødvendig. Det er ei viktig offentleg oppgåve å sikre lik tilgang til ny teknologi for å kunne ta i bruk ressursane og skape varierte arbeidsplassar i heile landet